

---

Saknr: 2020/37896-1  
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		13.02.2020

## Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestland 2020

### Forslag til vedtak

1. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal arbeide etter dei føringar som kjem fram i saksframlegget.
2. RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:
  - Ny teknologi og nye prosessar som bidrar i eit grønt skifte
  - Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
  - Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
  - Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke.
3. RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan knytt til spesielle satsingar eller tema opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søker.
4. Fondsstyret er ansvarleg for at RFF Vestland bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunen si bestilling.

### Samandrag

Regionale forskingsfond er ei tilskotsordning som vert finansiert av Kunnskapsdepartementet. Kvar fylkeskommune har sitt eige forskingsfond. Fylkestinget og fylkesutvalet har nemnt opp eit styre for RFF Vestland med både politiske og eksterne representantar. Saksframlegget er utforma som ei politisk bestilling til RFF Vestlandet som skal leggjast til grunn for fondsstyret sitt arbeide i 2020

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Saksutgreiing

## 1 Bakgrunn

### Om ordninga

Ordninga med Regionale forskingsfond (RFF) er vedteken av Stortinget. Frå starten i 2010 vart RFF finansiert gjennom renter frå ei fondsavsetning på 6 milliardar kroner avsett i Statsbudsjettet for 2009. Frå 2015 har ordninga vore finansiert gjennom ein ordinær post på Statsbudsjettet.

Frå starten var det 7 regionale forskingsfond i Noreg og kvar region bestod av fleire fylke. I perioden 2010 - 2019 var RFF Vestlandet eit samarbeid mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Frå 2020 har Stortinget vedteke at kvar fylkeskommune kan ha sitt eige regionale forskingsfond. Vestland fylkeskommune får ansvar for RFF Vestland.

Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om Regionale forskingsfond med verknad frå 1. januar 2020.

I forskrifta står det at: *«Tilskuddsordninga skal styrke regionenes forskningsevne gjennom tilskudd til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til økt FoU-innsats.»* Vidare heiter det at:

«Regionale forskingsfond har som formål å:

- a) styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å
  - i finansiere forskningsprosjekter av god kvalitet
  - ii medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin kompetanse, innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultater fra FoU
  - iii stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke koplingene til næringsliv og offentlig sektor
- b) øke FoU-innsatsen gjennom å
  - i mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlige virksomheter til å delta i nasjonal og internasjonal forskning.
  - ii støtte FoU-prosjekter initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlige virksomheter inkludert universiteter, høyskoler og andre forskningsmiljøer
- c) bidra til økt forskningskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer gjennom å
  - i støtte langsiktig, grunnleggende kompetansebygging i relevante forskningsmiljøer
  - ii knytte institusjonenes FoU-kompetanse til øvrige regionale FoU-aktiviteter og se disse i sammenheng
  - iii stimulere til fler- og tverrfaglig samarbeid i forskningsprosjekter
- d arbeide for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og forskningsaktiviteter.»

Formål med ordninga er i hovudsak vidareført frå tidlegare retningslinjer. Forskrifta legg også ein del praktiske føringar for arbeidet med fondet. Den nye forskrifta gir mindre detaljstyring enn kva som var tilfelle dei første 10 åra.

Heile forskrifta kan lesast her; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2110>

### **Venta årleg budsjetteramme**

I Statsbudsjettet for 2020 er det løyvt 189 millionar kroner til dei 11 regionale forskingsfonda. Kroner 18 355 000,- er løyvt til Regionalt forskingsfond Vestland.

### **Erfaringar med RFF Vestlandet**

Sidan starten i 2010 er det løyvt over 1,5 milliardar kroner i prosjektstøtte til forskning frå dei regionale forskingsfonda. Næringslivet er den største mottakaren, med nesten halvparten av tildelte midlar i perioden. Men det er også verd å merke seg at prosjekt innan offentleg sektor, spesielt kommunar, har motteke ein vesentleg del av midlane. Dei regionale fonda var tidleg ute med å lyse ut midlar til innovasjonsprosjekt i offentleg sektor. I tillegg kjem støtte til prosjekt der forskingsorganisasjonar som universitet, høgskuler og forskingsinstitutt er mottakar.

I perioden 2010 - 2019 la fylkestinga i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane føringar til styret for fondet om å særleg prioritere brukarstyrt forskning, med bedrifter og kommunar som hovudmålgruppe.

RFF Vestlandet har hatt stor aktivitet. Berre i siste fylkestingsperiode frå 2016 til 2019 tok fondet i mot 520 søknader. Desse fordeler seg med 350 søknader om regional kvalifiseringsstøtte, som er ei forprosjektordning. Her har søkjarane fått tilskot til å vidareutvikle prosjektidear og gjere tidlege forsøk for å utvikle ein fullverdig forskingsøknad som kan lukkast i konkurranse om regionale, nasjonale eller internasjonale forskingsmidlar, til dømes Horisont 2020. 174 søknader gjaldt regionale innovasjonsprosjekt med ei tidsramme på 3 år, hovudsakleg i bedrift eller kommune. Samla er det løyvt 180 millionar kroner i støtte frå RFF Vestlandet til 183 forskingsprosjekt over desse fire åra.

Tilbakemelding frå mottakarane har vore gode. To undersøkingar i 2018 og 2019 viste at

- 60 % av dei som har gjennomført eit kvalifiseringsprosjekt seinare har søkt midlar til eit større FoU-prosjekt, og 75 % av desse fekk tilsegn på søknaden. Fleire andre vurderte å søkje seinare.
- Heile 60 % av dei som har gjennomført større forskingsprosjekt (hovudprosjekt) med støtte frå RFF Vestlandet meiner prosjekta i stor eller avgjerande grad har medverka positivt til utviklinga av deira bedrift eller kommune.

Ein gjennomgang hausten 2018 av dei siste 100 tilsegna om støtte frå RFF Vestlandet viste breidda av deltaking på forskningssida. 26 norske forskingsinstitusjonar har vore involvert i ein eller fleire av prosjekta, i tillegg til 4 utanlandske. Dette syner at bedrifter og kommunar med støtte frå det regionale forskingsfondet hentar kompetanse der han er best å finne, og ofte inngår i nasjonale eller internasjonale partnerskap.

### **Viktig rolle i å mobilisere til innovasjonsretta forskning**

Å rekruttere og mobilisere næringsliv og offentleg sektor til å ta i bruk forskning som middel til innovasjon og utvikling, har frå starten vore ei viktig målsetting for fondet. Dette har skjedd i tett samarbeid med andre aktørar,

### **Overgang frå RFF Vestlandet til RFF Vestland og RFF Rogaland**

Ved årsskiftet 2019/2020 var det 73 aktive prosjekt i RFF Vestlandet. Desse vert fordelt mellom RFF Vestland og RFF Rogaland.

RFF Vestland tek over ansvaret for 48 aktive prosjekt frå RFF Vestlandet, der prosjektansvarleg har adresse i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. Rogaland fylkeskommune tek tilsvarende over ansvaret for 25 prosjekt med adresse i sitt fylke. Kvart prosjekt har ein kontrakt med fylkeskommunen om krav til leveranse, støttebeløp, rutinar for rapportering og utbetaling med meir

Gjennom 10 års arbeide med RFF Vestlandet er det utvikla mange rutinar, arbeidsmåtar og kontaktar med meir. Det er eit mål å ta med seg den beste praksisen frå arbeidet i RFF Vestlandet inn i nye RFF Vestland.

### **Tidlegare politiske vedtak**

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon (HNNI) gjorde i møte 2. desember 2019 vedtak om at RFF Vestland skal ha eit eksternt styre (PS 02/2019) og fylkesutvalet gjorde 30. januar 2020 endeleg vedtak om samansettinga av styret (PS 10/2020).

Det er lagt opp til at styret for RFF Vestland skal arbeide etter ei politisk bestilling fremja som eiga sak i Vestland fylkeskommune. Denne saka vart varsla til HNNI i framlegget til møtet 2. desember 2019.

### **Grunnlag for bestillinga for 2020**

Samfunnsoppdraget til fylkeskommunen er å sette retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland. Visjonen er å vere nyskapande og berekraftig.

Bestillinga til styret for RFF Vestland skal gje retning på arbeidet og avklare nokre sentrale strategiske føringar utan å binde styrearbeidet i for mange detaljar.

Bestillinga skal vere forankra i FN sine berekraftmål og sentrale politiske dokument som regional planstrategi og andre styringsdokument på strategisk nivå. Tidlegare bestillingar til regionalt forskingsfond har vore for ein fire års periode, med høve for politisk utval i fylkeskommunen til å gje supplerande føringar i samband med årleg rapportering.

Då det ikkje er utarbeidd ny regional planstrategi/utviklingsplan, bygg bestillinga denne gongen på siste vedtekte planstrategiar i Hordaland og Sogn og Fjordane, utfordringsdokumentet for Vestland som vart utarbeidd i 2019, Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane og Regional forskingsstrategi for Hordaland og bestillinga til RFF Vestlandet 2015 - 2019. Den politiske plattformen til fleirtalspartia på fylkestinget for valperioden er også eit grunnlag. Vidare vert Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 utvikla parallelt med denne bestillinga. Forsking for styrka innovasjonsevne er eit innsatsområde i handlingsplanen.

Bestillinga er ei vidareføring av satsingane frå siste periode med RFF Vestlandet. Det vert planlagt ein meir omfattande strategiprosess i samband med neste bestilling til styret, venteleg hausten 2020.

I påvente av ny regional planstrategi/utviklingsplan gjeld bestillinga berre for 2020, eller inntil ny bestilling vert vedteken.

## **2. Regionale særtrekk og forskingsbehov**

Vestlandet har unike og svært gode føresetnader innan energisektoren og marin produksjon av mat. Naturgrunnlaget gir særeigne og mange stader krevjande grunnlag for landbruk. Vestlandet har ei befolkning som like gjerne er vendt ut mot verda som mot eige land. Og folk er etter tradisjon ofte vane med å endre seg etter skiftande næringsgrunnlag når det er naudsynt.

Store delar av næringslivet i Vestland er retta mot eksport. Det gjeld særleg innan energisektoren og marin sektor, men fylket har lange tradisjonar for internasjonal aktivitet både innan maritim sektor, reiseliv og store delar av industriproduksjonen. Vestland eksporterte varer for om lag 93 milliardar kroner i 2018.

Dei 43 kommunane i Vestland fylke har ansvar for eit breitt tilbod av tenester innan område som utdanning, helse, infrastruktur og kultur. Kommunane og fylkeskommunen har ansvar å legge til rette for berekraftig nærings- og samfunnsutvikling. Sjølv om kommunane har felles oppgåver, er dei ulike med omsyn til utfordringar, organisering og arbeidsformer. Geografisk plassering, demografi og næringsstruktur er mellom dei faktorane som påverkar kommunane sine utfordringar.

Vestland har ein betydeleg universitets- og høgskulesektor, og i tillegg er det ei rekke forskingsinstitutt lokalisert i fylket, som kan bidra til auka forskingsaktivitet i privat og offentleg sektor. Aktiviteten og kvaliteten på forskning initiert av næringslivet og offentleg sektor er lågare.

Her ligg FoU-utgiftene under venta nivå ut frå fylket sin næringsstruktur og behov i kommunesektoren.

Regionalt forskingsfond Vestland skal bidra med tilrettelegging og finansiering der det er behov for forskning i møte med regionale utfordringar.

### **Særlege utfordringar og forskingsbehov:**

#### **Ny teknologi og prosessar som bidrar i eit grønt skifte**

Næringar knytt til utvinning og foredling av olje og gass er framleis viktigaste drivarane i økonomien i fylket. Ikkje-fornybar energi, som inkluderer både kjerneaktivitet som utvinning og raffinering av olje og gass, samt utstys- og tenesteleverandørar, er større enn andre nøkkelnæringar som marin, maritim og fornybar energi til saman. For Vestlandet er verknaden av petroleumsnæringa for verdiskaping og sysselsetting større enn for landet sett under eitt.

Oljeprisen har vist seg å påverke aktiviteten i ein stor del av næringslivet i Vestland. Det høge investeringsnivået og den framleis høge lønsemda i olje- og gassnæringa påverkar grunnlaget for alternativt næringsliv.

Omfanget og framtida til petroleumsnæringa er under debatt. Regjeringa ønskjer å oppretthalde høg aktivitet innan olje- og gassproduksjonen, men samstundes arbeide for eit skifte i retning av t.d. annan og meir grøn industri, energieffektivisering, fornybare energiformer og handtering av CO2 der ein også kan trekke på ressursar, teknologi og kompetanse henta frå petroleumsnæringa.

Vestland fylkeskommune har ei målsetting om netto nullutslepp av klimagassar i 2030. Fleirtalet i Vestland fylkesting (Samarbeidspartia) vil at Vestland skal vere først ute med å skape teknologi som resten av verda kan ta i bruk når dei er klare for det. Dei ynskjer også at kompetansen innan olje- og gassindustrien skal brukast i arbeidet med å omstilla eit verdslieande norsk næringsliv til ei berekraftig og langsiktig verdiskaping.

Slik omstilling til meir klima- og miljøvenlege løysingar vil krevje ei tverrfagleg og bransjekryssande tilnærming som involverer teknologisk, humaniora, samfunnsvitskapleg og naturvitskaplege kunnskap. Utvikling og tilpassa bruk av ny digital teknologi vil kunne vere vesentleg i denne samanhengen.

Behovet for forskning knytter seg til nye tekniske løysingar, men også utvikling av nye (ofte digitale) tenesteområde og prosessar som kan gje lønsame innovasjonar for næringslivet. Det er behov for forskning som legg til rette for samarbeid på tvers av bransjar og sektorar.

#### **Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi.**

Bioøkonomi er berekraftig, effektiv og lønsamt uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, for, ingrediensar, helseprodukt, energi, kjemikaliar, papir, tekstilar og andre produkt. Sirkulær økonomi er å utnytte alle ressursar best og lengst mogleg og skape minst mogleg avfall; t.d. nytte avfall som ressurs.

Både bioøkonomi og sirkulær økonomi vil bidra til reduksjon i klimagassutslepp og grøn verdiskaping.

Ny teknologi gjer det mogeleg å foredle råvarer frå jordbruk, skogbruk og marin sektor til eit vidt spekter av verdifulle produkt. Vestlandet har naturgitte fortrinn med tilgang til marine ressursar og gode produksjonsområde for sjømat og andre marine produkt og råvarer. Regionen har dessutan sterke landbrukstradisjonar.

Det finst store unyttta ressursar knytt til eit breitt spekter av råvarer frå skogbruk, jordbruk, havbruk, fiskeri og andre marine ressursar.

Kjerneområde for den marine klynga ligg på Vestlandet. Akvakulturindustrien har utfordringar knytt m.a. til sjukdom, miljøverknader, arealbruk, tilgang på berekraftige ingrediensar til fôr og rømming.

Utfordringane er kunnskapskrevjande og det er eit stort behov for forskning og innovasjon som kan møte utfordringar knytt til ambisjon om stor vekst innan denne næringa.

Det er viktig å leggje til rette for meir berekraftig bruk av ressursar og auka foredling av råvarer for å styrke busetting og arbeidsplassar.

Det er behov for forskning som både gir ny kunnskap om berekraftig mat, effektiv bruk av fornybare biologiske ressursar, nye ingrediensar til fôr, bruk av avfall som ressurs og potensiale for nye smarte produksjonsprosessar .

### **Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling**

Kommunar og fylkeskommunar er reiskap for å sikre samfunnet sine interesser, forvalte felles ressursar og legge til rette for tenester og løyse samfunnsutfordringar.

Innovasjon og omstilling i kommunesektoren er naudsynt for å kunne oppretthalde god kvalitet på offentlege tenester og legge til rette for berekraftig samfunnsutvikling. Prognoser tyder på større demografiske utfordringar i nær sagt heile Vestland. Tilgang på nok arbeidskraft og kompetanse i næringsliv og offentleg sektor er vanskeleg mange stader. Andre stader vil ha større utfordringar med tilgang på nok arbeidsplassar og/eller nok attraktive jobbar. Klimaomstilling, inkludering og folkehelse er andre store utfordringar.

Det er behov for å styrke brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av institusjonar og sektorar, og bidra til samspel mellom kommune, region og stat for å skape berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Ei forsterka satsing på smarte byar og samfunn, internasjonale og nasjonale nettverk, i samarbeid med forskings- og teknologimiljø, kan vere del av løysinga

Det er behov for forskning som støttar opp om innovasjonsprosessar knytt til kommunesektoren sine utfordringar. Spesielt er det behov for å finne gode modellar for å fremme skaparkraft, smarte løysingar, samhandling og å sikre tenesteleveransar på tvers av samfunnsområde og tenestenivå.

### **Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke**

Ein treffsikker politikk for regional omstilling, innovasjon og grønt skifte føreset kunnskap om drivkreftene og mekanismane som hemmar og fremjar slik utvikling.

Viktige spørsmål vil vere:

- Korleis stimulerer til at kunnskap og kompetanse frå olje- og gassnæringa vert gjort relevant for andre næringar?
- Kva type strategiar er effektive for å lykkast med bransjekryssande innovasjon?
- Korleis kan det best verte stimulert til utvikling av nye bransjar i regionen?
- Kva type ressursar er kritiske for bedrifter som er i ein omstillingsfase (kapital, kompetanse, nettverk)?
- Korleis utnytte dei mogelegheitene som blant anna digitalisering og delingsøkonomien gir?
- Kva er det som kjenneteiknar dei verksemdene som lukkast?

RFF Vestlandet hadde tilsvarende fokus, og sette i verk eit større forskingsprosjekt med tema knytt til problemstillingane over.

Det er behov for forskning som vidarefører bidraget til kunnskapen om sentrale drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland, inkludert kva som kjenneteiknar dei verksemdene som lukkast. Nyten av dette er ikkje minst knytt til å styrke kvaliteten i det offentlege arbeidet med næringsutvikling i regionen. Styret bør vurdere om det er mogeleg å få til eit samarbeide med andre regionale forskingsfond som kan ha tilsvarende nytta av eit slikt forskingsarbeid.

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor prioriterte innsatsområde:

- Berekraftig verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Gode klima- og miljøløysingar
- Evne til innovasjon og omstilling

#### **Prioriterte forskningstema**

RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:

- Ny teknologi og nye prosessar som bidrar i eit grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke.

#### **Finansiere brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale**

RFF Vestlandet skal arbeide for at forskingsfondet finansierer og gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor. For å oppnå dette best skal fondet halde fram sitt hovudfokus på brukarstyrt forskning. Det betyr at det som hovudregel skal vere bedrifter og organisasjonar knytt til kommunale organisasjonar som kan vere prosjektansvarleg søkjarar til fondet.

Knytt til spesielle satsingar eller tema kan fondsstyret opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar står som prosjektansvarleg søkjar.

RFF Vestlandet skal vurdere om det er grunnlag for å etablere særlege programsatsingar innan utvalde temaområde. Eit verktøy vil vere å aktivt kople aktørar med ulik funksjon innan særleg prioriterte verdikjeder, utviklingsområde eller samfunnsoppdrag.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom offentlege prosjekt og bedriftsprosjekt.

#### **Mobilisere til forskning og samhandling med andre verkemiddel**

RFF Vestland skal legge vekt på å samordne aktivitetar i fylket og med nasjonale og internasjonale forskingsprogram og -aktivitetar. Fondet skal koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunen sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar.

I 2020 har Vestland fylkeskommune to prosjekt i Forskringsrådet sitt FORREGION-program (MobiFORSK og VRI4), der ein arbeider med mobilisering til meir forskning i bedrifter. Verkemidlane er kompetansemekling (kople bedrifter med relevante forskarar), nettverksmøte og forprosjekt. Arbeidet med mobilisering til forskning og finansiering av forskning må vere godt koordinert.

RFF Vestland skal ha spesiell merksemd på å bidra til mobilisering av bedrifter og kommunar til deltaking i Horisont Europa. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse

#### **4. Fondsstyret**

Fondsstyret er ansvarlege for at RFF Vestland bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunen si bestilling.

Fondsstyret skal legge til rette for samarbeid med Noregs forskingsråd, og bidra til å sikre kvalitet i alle ledd frå utlysing til vedtak om støtte til forskingsprosjekt.

Fondsstyret skal sørge for at det blir utarbeidd ein overordna handlingsplan (to til fire års varigheit) som blir rullert årleg, i tråd med bestillingsbrevet frå fylkeskommunen. Handlingsplanen skal prioritere bruken av fondsmidlane med omsyn til tematikk, målgrupper og søknadstypar i utlysingane av midlar, samt annan aktivitet.

Fondsstyret skal vurdere den regionale relevansen i samband med prioritering av søknader.

Fondsstyret skal ha eit eige sekretariat med ansvar for saksframlegg til styret og oppfølging av styret sine vedtak. Sekretariatet har ansvar for kontakten med aktive prosjekt, oppgåver knytt til rettleiing, rapportering og tilskotsutbetaling. Sekretariatet arbeider også med prosjektverkstader for nye søkjarar, formidling av informasjon, vurdering av større søknader i samarbeide med Forskingsrådet.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, slik fylkestinget har bestemt i delegasjonsreglementet.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ordninga med regionale forskingsfond er finansiert med øyremerkta overføring frå Kunnskapsdepartementet. Av denne kan ein nytte midlar til administrasjon av fondet.

**Klima:** RFF Vestlandet har over fleire år støtta forskingsprosjekt med sikte på ei meir berekraftig utvikling av privat og offentleg sektor. Saksframlegget legg opp til ei vidareføring av dette.

**Folkehelse:** Regionale forskingsfond har over fleire år støtta forskingsprosjekt innan dei kommunale og fylkeskommunale ansvarsområda, mellom annan innan folkehelse. Saksframlegget legg opp til ei vidareføring av dette

**Regional planstrategi:** Den politiske bestillinga og handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestland skal vere forankra i regional planstrategi.

#### Konklusjon

Det er framlegg om at hovudutvalet sluttar seg til dei vurderingar av regionale særtrekk, utfordringar, forskingsbehov og prioriteringar som kjem fram i saka. Hovudutvalet ber styret for Regionalt forskingsfond Vestland arbeide etter desse føringane.